MARKNADSFØRESPURNAD KNYTT TIL UTFORMING AV NYTT BUSSANLEGG I BERGENSOMRÅDET

Bakgrunn for marknadsførespurnaden

Dagens fire busskontraktar i Bergensområdet – Bergen sør, Vest, Bergen sentrum og Bergen nord – har utløp i høvesvis juni 2028 og juni 2030. Alle kontraktane har opsjon på forlenging i 1+1 år. Skyss førebur konkurranse om nye kontraktar og utforming av nytt bussanlegg. For å sikre gode rammer for arbeidsmiljøet til dei tilsette på anlegget, god funksjonalitet, rett dimensjonering og effektiv drift, har vi no behov for innspel om anlegget sin utforming frå marknaden.

Kontraktsinndeling og bussanlegg

Skyss har vurdert fleire alternative kontraktsinndelingar for dei nye kontraktane, både med fleire og færre kontraktar enn i dag. I vurderinga har ein lagt særleg vekt på

- potensialet for god konkurranse i operatørmarknaden
- planlagd rutestruktur og kollektivinfrastruktur
- risiko for sårbarheit i drifta
- behovet for ein sunn og mangfaldig operatørmarknad
- effektiv drift

Skyss sendte ut ein marknadsførespurnad våren 2026 knytt til dette og innspela herifrå har vore eit viktig grunnlag for Skyss sine vurderingar. Konklusjonen er at dagens kontraktsinndeling vert vidareført med fire kontraktar: Bergen sentrum, Vest, Bergen sør og Bergen nord. Som følgje av planlagde endringar i kollektiv- og veginfrastruktur vil Skyss gjere enkelte justeringar i kva busslinjer som skal inngå i dei ulike kontraktane. Nokre linjer vert også flytta for å oppnå betre utnytting av nett- og anleggskapasitet, redusere tomkøyring, leggje til rette for betre sjåførskift og sikre best mogeleg bruk av bussmateriellet. Endringane inneber at enkelte kontraktar vert noko større enn i dag, medan andre vert tilsvarande mindre.

Fram mot oppstart av dei nye kontraktane vil det skje fleire endringar knytt til bussanlegga i Bergensområdet:

- Bussanlegga på Straume og Spelhaugen vert avvikla
- Vestland fylkeskommune byggjer nye bussanlegg på Storavatnet og i Rådalen
- Stasjoneringsmoglegheit på Ågotnes vert vurdert utvida og utbetra

Følgjande anlegg vert vidareførte: Kolskogen, Austevoll, Lonevåg, Haugland, Haukås, Mannsverk, Fana, Tjeldstø og Skogsskiftet.

Vinnande operatør av dei ulike kontraktane vil dermed få tilgang til følgjande bussanlegg:

Kontrakt	Tilgjengelege bussanlegg/stasjoneringsstad for kontrakten
Bergen sør	Rådalen, Fana, Kolskogen og Austevoll
Vest	Storavatnet, Ågotnes, Tjeldstø, Haugland og Skogsskiftet
Bergen sentrum	Mannsverk
Bergen nord	Haukås og Lonevåg

Bygging av nye anlegg

Vestland fylkeskommune vil byggje nytt bussanlegg på Storavatnet og i Rådalen. I tillegg er det aktuelt å gjere ombyggingar/tilpassingar på andre anlegg. For å sikre at fylkeskommunen byggjer berekraftige bussanlegg som gir operatør gode driftsvilkår og arbeidsvilkår for sjåførane, ønsker vi innspel til utforming og funksjonar bussanlegga bør ha. I første omgang er det anlegget på

Storavatnet ein ønskjer innspel til, men generelle innspel til utforming av bussanlegg er også ønskja.

Kort om ny kontrakt Vest

Som nemnd er det planlagd å flytte nokre busslinjer mellom dei fire kontraktane. For ny Vest-kontrakt vil nokre linjer bli lagt til og nokre tatt ut. Totalt sett vil rutepakka bli større enn dagens Vest-kontrakt.

Bussane skal vere drifta med straum so langt det lar seg gjere, men me reknar med at einskilde bussar framleis må gå på diesel. Skyss planlegg å i all hovudsak vidareføre dagens vogntypar.

Skyss estimerer at planlagd ruteproduksjon for Vestkontrakten vil utløyse eit behov for totalt 180-200 bussar frå driftsoppstart. Med potensiell framtidig vekst estimerer ein eit behov for 230-245 bussar mot slutten av kontraktsperioden (inkl. 10 prosent reservebussar). Den samla rutepakka vil ha nytt anlegg på Storavatnet som hovudanlegg, med verkstad. Med dei fem ulike stasjoneringane Storavatnet, Ågotnes, Tjeldstø, Haugland og Skogsskiftet, estimerer Skyss at det vil bli aktuelt å stasjonere oppunder 100 bussar på Storavatnet. Med potensiell vekst for framtida er det ønskjeleg å dimensjonere bussanlegget for opp mot 140 bussar. Av desse estimerer vi at om lag 85 bussar er minibussar og 12 meter lange «standardbussar», og om lag 45 bussar er 15 meter lange (boggi). Det er ikkje planlagt for bruk av leddbussar i denne kontrakten frå driftsoppstart no, men det er likevel ønskjeleg å dimensjonere anlegget for kring 15 leddbussar med tanke på framtida.

Bussanlegg på Storavatnet

Vestland fylkeskommune planlegg å byggje det nye bussanlegg på Storavatnet ved planlagd ny bussterminal (Godviksvingane), sjå område med raud, stipla linje i figuren under.



Det er per no planlagd å byggje bussanlegget over fleire etasjar som skal romme alle funksjonane til anlegget (oppstilling, verkstad, vaskehall, kontor med meir). Det vert planlagt for at anlegget skal ha nettkapasitet på opp mot 4,99 MW.

Spørsmål til marknaden

Vestland fylkeskommune ønskjer å kunngjere konkurranse om design og bygging av bussanlegget på Storavatnet i løpet av hausten 2026. Det er difor eit behov for informasjon frå marknaden no om kva krav og funksjonar anlegget bør ha slik at vi kan ta omsyn til dette i konkurransespesifikasjonane for bygging av bussanlegget.

Under er det utforma ein tabell over funksjonar/behov. Vi ber om at de fyller inn informasjon om estimerte behov og informasjon om i kva grad behovet er heilt naudsynt (MÅ-krav) eller berre ønskjeleg (BØR-krav). Kommentarar, detaljinformasjon og andre innspel utover det som ligg i tabellen er også ønskjeleg! Vi forstår at nokre vurderingar er avhengige av rutetabellar, logistikkplanar etc som ikkje er tilgjengeleg per no, men marknadens grove estimat basert på Skyss sine bussestimat oppgjeve over vil likevel vere svært nyttig.

Behov	**Mengd**	**Merknad/føresetnad knytt til mengd/utforming/plassering**	**MÅ- eller BØR-krav**	**Merknad knytt til behov/ viktigheit/konsekvens**
P-plass personbil				
Garderobefasilitetar herrer (anslå prosentdel som treng garderobe)		*(Behov for å skilje garderobe for sjåførar/adm og verkstadtilsette?)*		
Garderobefasilitetar kvinner (anslå prosentdel som treng garderobe)		*(Behov for å skilje garderobe for sjåførar/adm og verkstadtilsette?)*		
Kontorplassar				
Møterom				
Oppgjersrom				
Hurtigladar				
Vaskehall				
Hall for innvendig vask				
Hall for periodevis nedvask				
Servicehall		*(Moglegheit for sambruk av nokre hallar?)*		
EU-hall		*(Moglegheit for sambruk av nokre hallar?)*		
Verkstadplassar		*(Moglegheit for sambruk av nokre hallar?)*		
Pauserom/spiserom		*(Behov for å skilje pauserom for sjåførar og verkstadtilsette?)*		
Kvilerom				
Bønnerom				
Styrke-/treningsrom				
Tank- og tappeanlegg for dieselfylling, girolje, glykol/frostvæske, spylarvæske, anleggsdiesel/kupevarmar				
Arrangement for fjerning av snø fra busstak				
Behov for køyrehastigheit innvendig bussanlegg/bygg (påverkar svingradius)				
Særskilte behov for fasilitetar for bussar og sjåfør som nyttar anlegget til regulering/korte pausar				
Andre behov				

Møte og tilbakemelding

Vi inviterer til felles teamsmøte **fredag 28. august kl. 09-1030** for tilbakemelding på denne førespurnaden. Påmelding kan sendast til Ole.Hallvard.Harlem.Dyrbekk@skyss.no.

Dersom de ikkje har moglegheit til å delta i møtet eller i staden ønskjer å dele informasjonen skriftleg, ber vi om at skriftlege tilbakemeldingane vert sendt til e-postadressa Ole.Hallvard.Harlem.Dyrbekk@skyss.no innan utløpet av **01.09.2026.**

Vi set stor pris på dykkar innspel!